


Kommunedelplan for kunst og kultur

Vinje kommune 2012-2021

Del III – Kulturpolitiske rammer, lover, meldingar



”Lev, vår draum. Ver alltid like ny”

Innhald

Del III – Kulturpolitiske rammer, lover, meldingar	1
.....	1
”Lev, vår draum. Ver alltid like ny”	1
Innhald	2
1 Rammer og føringar	3
1.1 Delplanen er forankra i to hovuddokument.....	3
1.2 Sentrale meldingar fram mot Kulturlov 2007.	3
1.3 Kulturlova 2007, føremål, definisjonar, offentlege styresmaktens ansvar :	3
§ 1 Føremål:	3
§ 2 Definisjonar:.....	3
§ 4 Fylkeskommunens og kommunens oppgåver:	4
§ 5 Felles oppgåver. Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for:.....	4
2 Nasjonale, regionale og lokale føringar og referansar for planarbeidet	4
2.1 Nasjonale føringar	4
2.1.1 Lover	4
2.1.2 Stortingsmeldingar	4
2.1.3 Internasjonale konvensjonar.....	4
2.1.4 Rundskriv. Satsing på barn og unge	5
2.1.5 Forskingsarbeida: ”Lokalt kulturliv i endring”, ”Kommunal kultursektor i endring”	5
2.1.6 Nasjonal satsingar. Kulturløftet I & II (2005-2009 & 2009-2014)	5
2.1.7 Tilskots- og støtteordningar i regi av ulike nasjonale instansar	5
2.2 Regionale føringar.....	5
2.2.1 Berekraftige Telemark.....	5
2.2.2 Vest-Telemarkrådet 2008–2009, arbeidsprogram	5
2.3 Kommunale og lokale føringar	6

1 Rammer og føringar

1.1 Delplanen er forankra i to hovuddokument

- Kommuneplan for Vinje kommune 2007-2019
- Kulturlova, med verknad frå 1.august 2007

Kulturlova slår fast at det både lokalt, regionalt og nasjonalt, er eit offentleg ansvar å legge til rette for kulturutøving og oppleving, og å gje kulturliv, lag og organisasjonar føreseielege ordningar og vilkår.

- Kulturplanen er utarbeidd med heimel i Ny plan og bygningslov (2009) § 1-1:

Lova skal fremje berekraftig utvikling til beste for den einskilde, samfunnet og komande generasjonar:

*”Loven forutsetter at planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte, og det skal legges vekt på langsiktige løysningar. Konsekvensene for miljø og samfunn skal beskrives. Det skal settes mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og **kulturelle** utviklinga i kommunen og regionen. Samfunnsmessige behov og oppgaver skal avklaras og det skal angis hvordan oppgavene skal løses. Det skal legges tilrette for verdiskaping og næringsutvikling, for god utforming av bygninger og bomiljø og gode rammer for oppvekstmiljø og levekår.”*

1.2 Sentrale meldingar fram mot Kulturlov 2007.

2003: St meld nr 48 ”Kulturpolitikken fram mot 2014” kom i 2003. Meldinga skisserer sentrale perspektiv og utviklingstrekk fram mot 2014. Meldinga legg vekt på kunst og kultur sin eigenverdi, kvalitet og breidde:

”Et prioritert område er å holde fram den profesjonelle kunsten og faglig forankre kulturinnsatsen som en verdi i seg selv.

I tillegg blir kvalitet fremhevet som et avgjørende kriterium for et kulturtiltak skal være prioritert i den statlige kulturpolitikken. Det er viktig å legge forholdene til rette for bredden innenfor kulturlivet.”

2005 : ”Kulturløftet I”

2007 : Kulturlova 2007

2009 : ”Kulturløftet II”. Meldingane var klare på at i denne Stortingsperioden ville ein styrke breidda. Både kulturskolen, frivillighet, bibliotek, kulturarv, kulturnæringar, mangfald, likeverd og likestilling, betring av levekår for kunstnarar og styrking av lokal og internasjonal kultursatsing.

Kulturløftet II, p 4 skriv slik om kulturskulesatsinga:

”Kulturskole for alle barn som ønsker det.

Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole skal utredes. Det skal være rom for ulik lokal organisering av kulturskolen. Det skal legges til rette for synliggjøring av kulturskolen og for talentutvikling.”

1.3 Kulturlova 2007, føremål, definisjonar, offentlege styresmaktens ansvar :

§ 1 Føremål:

” Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmaktens ansvar for å fremja og leggja tilrette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at *alle* kan få høve *til å delta* i kulturaktivitetar og *oppleva* eit mangfald av kulturuttrykk”

§ 2 Definisjonar:

- a) ”å skape, produsere, utøve, formidle og distribuere kunst- og andre kulturuttrykk
- b) å verne om, fremje innsikt i og vidareføre kulturarv
- c) å delta i kulturaktivitet
- d) å utvikle kulturfagleg kunnskap og kompetanse ”

§ 4 Fylkeskommunens og kommunens oppgåver:

”Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt”

§ 5 Felles oppgåver. Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for:

- a) at kulturlivet har føreseielege utviklingskår
- b) å fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar, og at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre virkemiddel og tiltak

2 Nasjonale, regionale og lokale føringar og referansar for planarbeidet

2.1 Nasjonale føringar

2.1.1 Lover

Ny Plan og bygningslov (2009)

Diskriminerings og tilgjengelighetsloven ,

føremålet er å fremme likeverd og likestilling, sikre like mogleghetar og rettar til samfunnsdeltaking

Lov om Naturmangfald (2009)

Lov om voksenopplæring (2008)

Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (2007), Kulturlova 2007

Kulturskoleloven (§13-6 i opplæringslova, (1998)

Arkivlova (1992)

Lov om folkebibliotek (1985)

Lov om Kulturminner (1978)

2.1.2 Stortingsmeldingar

St.meld. nr. 48 (2002-2003): Kulturpolitikk fram mot 2014

St. meld. nr. 24 (2008-2009): Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv

St. meld. nr. 23 (2008-2009): Bibliotek

St. meld. nr. 49 (2008-2009): Framtidas museum

St. meld. nr. 10 (2008-2009): Knutepunkt

St. meld. nr. 21 (2007-2008): Samspill (Rytmask musikk)

St. meld. nr. 32 (2007-2008): Bak kulissene (Scenekunst)

St. meld. nr. 35 (2007-2008): Mål og mening (Språk og litteratur)

St. meld. nr. 8 (2007-2008) : Den kulturelle skolesekken

St. meld. nr. 39 (2006-2007): Frivillighet for alle

St. meld. nr. 25 (2005-2006): Mestring, muligheter og mening (Den kulturelle spaserstokken)

St. meld. nr. 17 (2005-2006): 2008, markeringsår for kulturelt mangfold (Vidareføring av kulturelt mangfold) + Rapport

St. meld. nr. 16 (2004-2005): Leve med kulturminner

St. meld. nr. 22 (2004-2005): Kultur og næring

Kulturmelding for Den norske kyrkja (2005) ”Kunsten å være kirke”

Strategiplan – for kunst og kultur i opplæringen 2007-2010: Skapende læring

2.1.3 Internasjonale konvensjonar

UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv (2003)

UNESCO- konvensjonen om verdens natur-og kulturarv (1972)

UNESCO-konvensjonen om tiltak for å forby og forhindre ulovlig import og eksport av kulturgjenstander og ulovlig overføring av eiendomsrett til kulturgjenstander (1970)

FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (1966), artikkel 15 stadfester at alle har rett til å delta i kulturlivet. Dette gjeld også som norsk rett. Konvensjonen sentralt grunnlagsdokument for Kulturlova 2007

Europarådets rammekonvensjon for beskyttelse av nasjonale minoriteter (1995)
FN- konvensjonen om barns rettigheter, Barnekonvensjonen (1989/1991) gjeld som norsk rett.
FN- konvensjonen om flyktningers rettsstilling, Flyktningekonvensjonen (1951)
Den Europeiske menneskerettskonvensjonen (1950)
Verdenserklæringen om menneskerettigheter (1948)

2.1.4 Rundskriv. Satsing på barn og unge

Årlege rundskriv frå barne- og likestillingsdepartementet om regjeringas generelle satsing på barn og unge, som også inneheld rettesnorer for kulturelt arbeid med barn og unge.

2.1.5 Forskingsarbeida: ”Lokalt kulturliv i endring”, ”Kommunal kultursektor i endring”

”Lokalt kulturliv i endring” (2009, Egeland og Villa) er eit forskingsprosjekt utført 2007-2009, som undersøker endringar i lokalt kulturliv. Forskingsarbeidet ”Kommunal kultursektor i endring” (2009, Oddveig Storstad) bygger på ovannemnde arbeid, og er ei undersøkjing av endringar i norsk kommunal sektor.

2.1.6 Nasjonale satsingar. Kulturløftet I & II (2005-2009 & 2009-2014)

Kulturløft I og II har som mål å styrke kultur si rolle på samfunns- og politikkområde. Visjonen er at Noreg skal vera ein leidande kulturnasjon som legg vekt på kultur i alle delar av samfunnslivet: kunst og kultur har stor eigenverdi, og satsing på kultur får store ringverknader for andre samfunnsområde som næringsutvikling, arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, kompetanse, meistring, og kreativitet. Kulturløftet II er ein oppdatert versjon av Kulturløftet I.

2.1.7 Tilskots- og støtteordningar i regi av ulike nasjonale instansar

Departementa, Norsk Kulturråd, overskot frå Norsk Tipping, Musikkutstyrsordninga, Frifond, Trafo og støtteordningar frå Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar.

2.2 Regionale føringar

2.2.1 Berekraftige Telemark

Telemark Utviklingsforum står bak planen Regional planstrategi 2010-2012, (vedtak Telemark. Fylkesting 09.12.09). Kultur og frivillig arbeid *forklarast som verktøy og verkemiddel* for å fremje berekraftig utvikling av Telemark. Det er eit syn på kunst og kultur som skil seg frå det ein finn i St.meld 48, og som KK bygger på :Kunst og kultur som verdi i og for seg. Planen omtalar fire temaområde:

- **Kunnskap, nyskaping og næringsutvikling:** kunnskapsbasert næringsutvikling, FoU, grunnopplæring, høgere utdanning, entreprenørskap, mm.
 - **Klima og miljø:** handtering av utslepp, forvaltning av fornybare/ikkje-fornybare natur- og kulturarvs resursar, vatn, mm.
 - **Attraksjonskraft og livskvalitet:** stadutvikling, kultur, folkehelse, museum, bibliotek, frivillig arbeid, integrering, mm.
 - **Infrastruktur og transport:** veg, jernbane, havn, kollektivtrafikk, breiband, mm.
- Regionalt kulturarbeid i framtida må vera medvetne om desse satsingsområda.

2.2.2 Vest-Telemarkrådet 2008–2009, arbeidsprogram

Visjon: Vest-Telemark - ein levande region

Regionen vert omtala slik:

”Kommunane i Vest-Telemark er kommunar med særpreg, høg kulturprofil og målretta samhandling. Regionen er attraktiv for busetjing, næringsetablering og framvekst av kompetansmiljø. Livet i Vest-Telemark er prega av fokus på løysingar og positive vinklingar. Arbeidsprogrammet nemner fire mål:

- 1) *Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark.*
- 2) *Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet.*
- 3) *Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark med grunnlag i distriktets særpreg og lokale ressursar.*

4) E 134 og Riksveg 36 held fram som det viktigaste hovudsambandet mellom aust og vest. Utvikle potensialet i Telemarksvegen (riksveg 41), som viktig korridor mot sør og kontinentet. Etablere ny infrastruktur for kommunikasjon.

2.3 Kommunale og lokale føringar

2.3.1 Kommuneplan (2007-2019)

Visjon: Vinje utfordrar framtida

Verdigrunnlag:

- *Vinje- eit livskraftig og moderne samfunn tufta på kultur, tradisjonar og utvikling av eigne resursar*
- *Ta vare på natur og miljø for seinare generasjonar*
- *Vidareføre dei rike kulturverdiane og tradisjonane i Vinje, og ynskje nye kulturar velkomen*
- *Ha gode sosiale miljø i kommunen, og omsorg for kvarandre*
- *Aktive innbyggjarar med engasjement for kommunen sin*

Innsatsområde:

- 1) *Identitet*
- 2) *Å leva i Vinje*
- 3) *Levevegar*

2.3.2 Andre relevante planar og avtaler

- Idrott og friluftspan Vinje kommune 2010-2014 (2009)
- Plan for busetting og integrering av flyktningar, under arbeid
- Retningsliner for utsmykking av off bygg og uterom i Vinje kommune (vedteken i KS - 2008)
- Folkehelseplan, under arbeid
- Vest Telemark Museum, Avtale om Konsoliderte museum, og samarbeidsavtale med VTM om drift av museum og galleri og formidling av desse, 2008-2013

OM OFFENTLIGE STYRESMAKTERS ANSVAR FOR
KULTURVERKSEMD (KULTURLOVA)

§ 1.FØREMÅL

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja tilrette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk.

§2 DEFINISJONAR

Med kulturverksemd meiner ein i denne lova å

- a) skapa, produsera, utøva, formidla og distribuera kunst- og andre kulturuttrykk.
- b) Verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv.
- c) delta i kulturaktivitet
- d) utvikla kulturfagleg kunnskap og kompetanse

§3 STATENS OPPGÅVER

Staten skal fremja og leggja tilrette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet gjennom rettslege, økonomiske, organisatorisk, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak. Staten skal utforma verkemiddel og gjennomføra tiltak for å fremja og verna eit mangfald av kulturuttrykk i samsvar med internasjonale rettar og plikter.

§4 FYLKESKOMMUNENS OG KOMMUNENS OPPGÅVER

Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rett for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

§ 5FELLES OPPGÅVER

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for

- a) at kulturlivet har føreseielege utviklingskår
- b) å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar.
- c) At personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

§ 6 IKRAFTSETJING

Kongen fastset når lova skal ta til å gjelde. (frå au1.august 2007, iht Kgl.res. 29 juni 2007 nr 905)

NY PLAN OG BYGNINGSLOV

§ 1-1 LOVENS FORMÅL

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Loven fiorutsetter at planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte, og det skal legges vekt på langsiktige løysningert. Kopnsekvensene for miljø og samfunn sakl beskrives.

Det skal settes mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i kommunen og regionen.

Samfunnsmessige behov og oppgaver skal avklares og det skal angis hvordan oppgavene skal løses.

Det skal legges til rette for verdiskaping og næringsutvikling, for god utforming av bygninger og bomiljø og gode rammer for oppvekstmiljø og levekår.

